



Møteprotokoll

Utval: Samfunnsutvalet
Møtestad: Rådhuset, Ørstafjord
Dato: 14.04.2026
Tid: kl 13.00 - 15.30

Fremmøtte	Representerer	Funksjon
Børge Gundersen	Ap	medlem
Asgeir Standal	FRP	medlem
Eilis-Mari Grinde	FRP	medlem
Inge Kolås	FRP	medlem
Guttorm Hagen	H	nestleiar
Anne Stine Foldal Aam	SP	leiar
Karl Asgeir Sæbønes	SP	medlem
Magnar Hjertenæs	SV	medlem
Veronica Skogstrøm Bigset	UAVH	medlem

Andre som møtte

Eldar Øye, kommunalsjef teknisk, eigedom og landbruk
Helge Kvalheim, planleggar
Ingrid Åshamar, konsulent politisk sekretariat
Ingvild S. H. Kjøde, planleggar
Johnny Saure Riise, tenesteleiar plan, byggesak og oppmåling
Kjetil Masuhr, planleggar

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel	Arkivsaksnr.
PS 09/26	Godkjenning av innkalling og sakliste	26/7698
PS 10/26	Spørsmålskvarter	26/7698
PS 11/26	Orienteringar	26/7698
PS 12/26	Delegerte saker	26/7698
PS 13/26	Referatsaker	26/7698
PS 14/26	Søknad om mindre reguleringsendring ved Vartdal skule	26/6628
PS 15/26	Saksframlegg - Mindre endring Sætre Fjordutsikt - Hagevegen 48 - Gnr 11 bnr 21	25/5513
PS 16/26	Dispensasjon - Gnr 48 bnr 1	25/5570
PS 17/26	RTK0501 - Endring av reguleringsplan etter forenklet prosess - gbnr 53/193, 53/223, 53/278 og 53/279	24/3069
PS 18/26	Endring etter forenkla prosess Detaljreguleringsplan for næringsområde Ose ved Melsvegen - 2011001	25/3378
PS 19/26	Dispensasjon - Kommuneplanen sin areadel - Legene 34 - Gnr 33 bnr 18	25/5052
PS 20/26	Saksframlegg - Dispensasjon Bakkane 42 - Gnr 96 bnr 53	25/4491
PS 21/26	Søknad om dispensasjon - Frådeling av bustadhus - Melsvegen 126 - Gnr 46 bnr 10	25/4642
PS 22/26	Søknad om dispensasjon frå arealplan naust på gnr/bnr 39/7	22/1284
PS 23/26	Dispensasjonssøknad - Mellombels bustadbrakker - Norangdal 53 - Gnr 125 bnr 33	25/1501
PS 24/26	Høyring av planprogram - Hovudplan for vatn, avløp og overvatn for Ørsta kommune	25/2516

Ørsta, 14.04.2026

Anne Stine Foldal Aam
Leiar

PS 09/26 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak:

Innkallinga vart godkjent utan merknad
Saklista vart godkjent utan merknad

Behandling:

Innkallinga vart godkjent utan merknad
Saklista vart godkjent utan merknad

Karl Asgeir Sæbønes (SP) og Magnar Hjertenæs (SV) vart valde til å godkjenne protokollen saman med leiar

PS 10/26 Spørsmålskvarter

Vedtak:

Behandling:

Skiltplanvedtak for Osgeila, foreslått av Guttorm Hagen, Høgre

Er oppsette skilt og underskilt i samsvar med skiltplanvedtak? Det er ynskjeleg med orientering om vedtaket og skiltinga.

Anleggsveg Tussa, foreslått av Eilis-Mari Grinde, Framstegspartiet

Johan Skår har søkt kommunen om å la anleggsvegen Tussa har bygd, bli liggande. Vegen vil være til stor nytte for han i samband med transport til skårsætra. Fyrste mailkontakt i saka var i oktober 2024. Han har enno ikkje fått svar med Ørsta kommune, når kan han vente å få svar med administrasjonen ?

Skiltplanvedtak for Osgeila - Guttorm Hagen (H)

Eldar Øye, kommunalsjef teknisk, eigedom og landbruk orienterte om tidlegare og noverande skiltplan og kva som er fysisk oppsett og om tilhøvet til reguleringsplan etter at Osholane er bygd. Det skal, i følge vedtak, lagast ny skiltplan som samsvarer med reguleringsplan etter at Osholane er bygd.

Anleggsveg Tussa - Eilis-Mari Grinde (FrP)

Eldar Øye, kommunalsjef teknisk, eigedom og landbruk svara. Førespurnadane er svart ut skriftleg, både no i 2026 og i 2024 .Tussa søkte opphavleg om konsesjon for kraftverk på Skår. Denne søknaden vart avslått av NVE og seinare stadfesta av Olje- og energidepartementet. I avslaget vart det lagt stor vekt på at det planlagde tiltaket hadde ein uønskt landskapseffekt. Tussa søkte seinare på ny for eit ned-skalert tiltak (minikraftverk). Søknaden var altså tilpassa dei vurderingane som var gjort av NVE då førre søknad vart avslått. Eit sentralt moment i denne søknaden var redusert landskapseffekt i og med at det vart lagt vekt på at det ikkje ville vere behov for veg eller køyrefast del av terreng frå landbruksveg og fram til tiltaket. Dette var også eit sentralt moment i nokre av høyringsfråsegnene. Det er også eit vilkår i konsesjonen og dispensasjonen som er gjeven. Ei eventuell endring må sakshandsamast dersom det kjem ein søknad om dette. SFU ber om å få kommunikasjonen så langt referert før neste møte.

PS 11/26 Orienteringar

Vedtak:

Orienteringane vart tekne til vitende

Underliggende sak:

Saksnr.	Tittel
01/26	Orientering ledige tomter

Behandling:

Orientering om funna i den nyleg gjennomførte barnetrakk- registreringa v/ Helge Kvalheim, planleggjar.

Orientering om ledige tomter i Ørsta kommune v/ Eldar Øye, kommunalsjef TEL. Johnny Riise, tenesteleiar plan, byggesak og oppmålig, supplerte.

PS 12/26 Delegerte saker

Vedtak:

Delegerte saker vart tekne til vitende

Underliggende sak:

Saksnr.	Tittel
436/25	Løyve til tiltak - Bruksendring og mindre fasadeendring - Øyragata 46 - gnr 169 bnr 14
13/26	Endringsvedtak - Støttemur - Kolåstindvegen 9 - gnr 170 bnr 62
14/26	Ferdigattest - Garasje - Grøvika 4 - gnr 2 bnr 50
15/26	Ferdigattest - Frittliggende hagestove - Rystene 14B - gnr 51 bnr 85
16/26	Løyve til tiltak - frittliggende bod/tilbygg/renovering av einebustad - Støylevegen 24 - gnr 15 bnr 805
17/26	Ferdigattest - Støttemur og utviding avkøyrsløp - Kolåstindvegen 9 - gnr 170 bnr 62
18/26	Ferdigattest - Bruksendring frå tilleggsdel til hovuddel - Øvrelida 2A - gnr 18 bnr 447
19/26	Ferdigattest - Utviding av veranda - Mosvegen 7 - gnr 18 bnr 375
20/26	Ferdigattest - Rehabilitering av skorstein - Engesetvegen 119 - gnr 16 bnr 83
21/26	Løyve til tiltak - Rehabilitering av skorstein - Vikegata 40 - gnr 14 bnr 38
22/26	Løyve til tiltak - Rehabilitering av pipe - Heggjadalen 9B - gnr 15 bnr 358
23/26	Løyve til tiltak - Rehabilitering av skorstein - Urkevegen 234 - gnr 123 bnr 6
25/26	Løyve til tiltak - Rehabilitering av skorstein - Melsvegen 269 - gnr 44 bnr 7
26/26	Løyve til tiltak - Oppføring av bustadhus og garasje - Flatnesvegen 64 - gnr 169 bnr 195
27/26	Løyve til tiltak - Rehabilitering av skorstein - Bakkane 33 - gnr 96 bnr 49
28/26	Rammeløyve - Utviding av kjellar og ny altan - Rystene 2 - gnr 51 bnr 17
29/26	Ferdigattest - Oppføring av einebustad - Engesetvegen 22 C - gnr 15 bnr 10
30/26	Rammeløyve - Oppføring av garasje - Vinjevollvegen 7 - gnr 14 bnr 135
31/26	Rammeløyve - Total renovering og tilbygg - Haraldsgata 22 - gnr 14 bnr 442
32/26	Ferdigattest - Rehabilitering av skorstein - Urkevegen 234 - gnr 123 bnr 6
33/26	Ferdigattest - ny stålpipeline - Myklebusthyttene 35 - gnr 29 bnr 32
35/26	Ferdigattest - Bruksendring/fasade/tilbygg - Øvre Farkvamen 12 - gnr 14 bnr 449
36/26	Løyve til tiltak - Fasadeendring på bustad - Nedre Farkvamen 6 - gnr 16 bnr 635
37/26	Løyve til tiltak - Rehabilitering av skorstein - Strandgata 55 - gnr 12 bnr 56
38/26	Løyve til tiltak - oppføring av garasje - Haslevegen 8 - gnr 16 bnr 81
39/26	Ilgongsettingsløyve - tilbygg - utviding av kjellar og ny altan - Rystene 2 - gnr 51 bnr 17
40/26	Mellombels bruksløyve - tomannsbustad - Engesetvegen 66 A og B - gnr 16 bnr 228
41/26	Mellombels bruksløyve - seksjon 3 - Haslevegen 6 C - gnr 16 bnr 101
42/26	Mellombels bruksløyve - Einebustad med garasje - Oklahøgda 11 - gnr 49 bnr 250
43/26	Ferdigattest - Tilbygg fritidsbustad - Fjellheisvegen 115 - gnr 157 bnr 33
44/26	Løyve til tiltak - Lagerhall (kasselager) - Hamnevegen 83 - gnr 99 bnr 297
45/26	Løyve til tiltak - Fasadeendring - Torvmyrane 25A - gnr 53 bnr 228
46/26	Løyve til tiltak - Rehabilitering av skorstein - Vikegeila 6 - gnr 14 bnr 252
47/26	Løyve til tiltak - Ny stålpipeline - Krøvelen 65 - gnr 40 bnr 4

48/26	Vedtak om deling - Gnr 46 bnr 1-11 - Tilleggsareal næring - Melsgjerdet
49/26	Løve til tiltak - Tilbygg til bustad - Håvollbakken 24 - gnr 5 bnr 27
50/26	Ferdigattest - Rehabilitering av skorstein - Melsvegen 269 - gnr 44 bnr 7
51/26	Endringsvedtak - Tilbygg carport til einebustad - Vinjevollvegen 47 - gnr 13 bnr 3
52/26	Ferdigattest - Garasje - Rystene 14D - gnr 51 bnr 90
53/26	Mellombels bruksløve - Seksjon 9 - Oseflata 28 A - gnr 47 bnr 382
54/26	Løve til tiltak - Rehabilitering av skorstein - Støylevegen 18 - gnr 15 bnr 239
55/26	Ferdigattest - Fritidsbustad - Haugemyrvegen 75 - gnr 122 bnr 13
56/26	Løve til tiltak - Montering av stålpiper - Follestaddal 1109 - gnr 29 bnr 5
57/26	Løve til tiltak - Endring av bygningstype - Myrane 47 - gnr 99 bnr 104
58/26	Løve til tiltak - Fjerning av delar av molo - Hustadnesvegen 110 - gnr 144 bnr 7
59/26	Endringsvedtak - planløsning seksjon 65 - Leitebakken 3 A - gnr 49 bnr 240
60/26	Løve til tiltak - Tilbygg til bustad og støttemur - Hansholen 20 - gnr 47 bnr 235
61/26	Mellombels bruksløve - Einebustad - Follestaddalen 1513 - gnr 33 bnr 110
62/26	Ferdigattest - Bruksendring - Øvremarka 3C - gnr 18 bnr 447
63/26	Løve til tiltak - Rehabilitering av skorstein - Bureisarvegen 245 - gnr 153 bnr 49
64/26	Løve til tiltak - Fasadeendring- vindaug - Gamlevegen 7 - gnr 15 bnr 46
66/26	Ferdigattest - Innvendig skytebane - Torvmyrane 5 - gnr 52 bnr 54
67/26	Ferdigattest - Riving av bustadhus - Vartdalsstranda 1795 - gnr 94 bnr 4
68/26	Mellombels bruksløve - tilbygg/garasje - Vikebøen 5 - gnr 14 bnr 427
69/26	Løve til tiltak - Riving av våningshus - Fossholven 24 - gnr 106 bnr 13
70/26	Mellombels bruksløve - Seksjon 65 - Leitebakken 3 A - gnr 49 bnr 240
71/26	Løve til tiltak - Bruksendring frå fritidsbustad til einebustad - Klokksvegen 23 - gnr 122 bnr 9
72/26	Vedtak om deling - Gnr 145 bnr 4 - Deling av grunneigedom - Mo - Hustad 69
74/26	Ferdigattest - Endring av bygningstype - Myrane 47 - gnr 99 bnr 104
75/26	Ferdigattest - Tilbygg fritidsbustad - Ytrehovdevegen 117 - gnr 58 bnr 29
76/26	Løve til tiltak - Oppføring av tomannsbustad - Myrane 10 A og B - gnr 99 bnr 149
77/26	Løve til tiltak - Utlekking av flytebrygge - Hamnevegen 5 - gnr 106 bnr 36
78/26	Mellombels bruksløve - seksjon 15 - Oseflata 32 C - gnr 47 bnr 382
79/26	Løve til tiltak - Bruksendring frå tilleggsdel til hovuddel - Bjørkevegen 24 - gnr 15 bnr 725
80/26	Mellombels bruksløve - Tilbygg - Haugegjerdet 18 - gnr 15 bnr 370
82/26	Løve til tiltak - Tilbygg og fasadeendring - Haraldsgata 16 - gnr 14 bnr 422
83/26	Ferdigattest - Bruksendring frå tilleggsdel til hovuddel - Bjørkevegen 24 - gnr 15 bnr 725
84/26	Ferdigattest - Rehabilitering av skorstein - Bureisarvegen 245 - gnr 153 bnr 49
85/26	Ferdigattest - Rehabilitering av skorstein - Vikegeila 6 - gnr 14 bnr 252
86/26	Ferdigattest - Rehabilitering av skorstein - Strandgata 55 - gnr 12 bnr 56
88/26	Ilgongsettingsløve for deler av tiltaket - Grunnarbeid - Austlidvegen 14 - gnr 14 bnr 240
89/26	Løve til tiltak - Tilbygg til bustad - Kvistadvegen 10 - gnr 163 bnr 8
90/26	Ferdigattest - Bruksendring frå industri til turnhall - Ripateigane 3 - gnr 15 bnr 367
91/26	Løve til tiltak - Opparbeiding av parkeringsplass og oppføring av bygning - Vikegata 21 - gnr 14 bnr 114
92/26	Vedtak i ulovlighetssak - vesentleg reparasjon av naust - Ivar Aasen-gata - gnr 15 bnr 15

93/26	Endringsvedtak - etablering av sjøvbetjent vaskehall - Melsgjerdet - gnr 46 bnr 57
94/26	Rehabilitering av skorstein- Melsvegen 34 - Gnr 47 bnr 127
95/26	Løyve til tiltak - Fasadeendring - Kvistadvegen 105 - gnr 146 bnr 1
96/26	Ferdigattest - Riving og nytt redskapshus - Follestaddalen 861 - gnr 28 bnr 6
97/26	Ferdigattest - Garasje - Follestaddalen 755 - gnr 27 bnr 15
98/26	Mellombels bruksløyve - Seksjon 9 - Leitebakken 1 I - gnr 49 bnr 240
99/26	Løyve til tiltak - Bruksendring til kontor - Hamnevegen 5 - gnr 106 bnr 36
100/26	Løyve til tiltak - Rehabilitering av skorstein - Kyrkjegata 93A - gnr 13 bnr 41
103/26	Vedtak om seksjonering - Seksjonering - Melsgjerdet 10A-H - gnr 46 bnr 57
104/26	Ferdigattest - Bruksendring frå fritidsbustad til einebustad - Klokkervegen 23 - gnr 122 bnr 9

Behandling:

Delegerte saker vart tekne til vitende

PS 13/26 Referatsaker

Vedtak:

Referatsakene vart tekne til vitende

Underliggende sak:

Saksnr.	Tittel
02/26	Vedtak - byggesak - Ørsta 15/15 - Ivar Aasen-gata - reparasjon av naust
03/26	Vedtak klagesak - Byggesak - Ørsta - Melsgjerdet industriområde - avslag på søknad om ferdigattest - 2018004

Behandling:

Referatsakene vart tekne til vitende

PS 14/26 Søknad om mindre reguleringsendring ved Vartdal skule

Vedtak:

Samfunnsutvalet har gjort ei vurdering av søknaden etter Pbl § 12-14 og finn at endringane er innanfor rammene for ei mindre planendring.

Samfunnsutvalet vedtek med heimel i PBL §12-14 mindre planendring for detaljregulering «Mindre endring - Sentralområde Vartdal - Vartdal idrettsanlegg, RTK-0708» og «Vartdal sentralområde, RTK-8812-1», slik søknaden ligg føre med fylgjande vilkår.

Vilkår: Utforming av påfylgjande tiltak skal ha utforming som synt i vedlegg "Skisse for trafikktryggingstiltak" datert 08.12.2025.

Grunngjevinga for vedtaket er:

Endringa vil betre trafikktryggleiken i området for barn som skal leverast og hentast på skulen.

Behandling:

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 9 stemmer (100%) - Ap 1, FRP 3, H 1, SP 2, SV 1, UAVH 1

Mot: 0 stemmer (0%)

Kommunedirektøren si tilråding:

Samfunnsutvalet har gjort ei vurdering av søknaden etter Pbl § 12-14 og finn at endringane er innanfor rammene for ei mindre planendring.

Samfunnsutvalet vedtek med heimel i PBL §12-14 mindre planendring for detaljregulering «Mindre endring - Sentralområde Vartdal - Vartdal idrettsanlegg, RTK-0708» og «Vartdal sentralområde, RTK-8812-1», slik søknaden ligg føre med fylgjande vilkår.

Vilkår: Utforming av påfylgjande tiltak skal ha utforming som synt i vedlegg "Skisse for trafikktryggingstiltak" datert 08.12.2025.

Grunngjevinga for vedtaket er:

Endringa vil betre trafikktryggleiken i området for barn som skal leverast og hentast på skulen.

PS 15/26 Saksframlegg - Mindre endring Sætre Fjordutsikt - Hagevegen 48 - Gnr 11 bnr 21

Vedtak:

Samfunnsutvalet har gjort ei vurdering av søknaden etter Pbl. § 12-14 og finn at endringane i liten grad vil påverke gjennomføringa av planen, ikkje går utover hoveddrammene i planen, og heller ikkje vil påverke omsynet til viktige natur- og friluftsområder (jf Pbl. §12-14 andre ledd).

Samfunnsutvalet vedtek med heimel i Pbl. §12-14 reguleringsendring etter forenkla prosess for planid Detaljreguleringsplan for Sætre Fjordutsikt (Nasjonal arealplanid: 1520_2018007) slik søknaden ligg føre.

Behandling:

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 9 stemmer (100%) - Ap 1, FRP 3, H 1, SP 2, SV 1, UAVH 1

Mot: 0 stemmer (0%)

Kommunedirektøren si tilråding:

Samfunnsutvalet har gjort ei vurdering av søknaden etter Pbl. § 12-14 og finn at endringane i liten grad vil påverke gjennomføringa av planen, ikkje går utover hoveddrammene i planen, og heller ikkje vil påverke omsynet til viktige natur- og friluftsområder (jf Pbl. §12-14 andre ledd).

Samfunnsutvalet vedtek med heimel i Pbl. §12-14 reguleringsendring etter forenkla prosess for planid Detaljreguleringsplan for Sætre Fjordutsikt (Nasjonal arealplanid: 1520_2018007) slik søknaden ligg føre.

PS 16/26 Dispensasjon - Gnr 48 bnr 1

Vedtak:

Samfunnsutvalet gjev dispensasjon frå kommunedelplanen for Ørsta sentrum og Hovdebygda for frådeling av areal frå Gnr/Bnr 48/1 som vist på vedlagde situasjonsplan. Tiltaket ligg under marin grense og er eit K0-tiltak etter kvikkleirerettleiaren (1/2019). Etter ei samla vurdering finn samfunnsutvalet at frådelinga ikkje set omsyna bak plan- og bygningslova § 1-8, eller kommuneplanen sin arealdel, vesentleg til side. Dette fordi dispensasjonen ikkje vil endre eksisterande bruk og omfattar ikkje dyrkbart areal.

Dispensasjonen vil åpne for salg av grunn til kjøpar som kan detaljregulere område jamfør kravet i kommunedelplanen. Fordelane ved å gje dispensasjon vert vurderte som klart større enn ulempe.

A. Søknaden om deling av grunneigedom vert godkjent i samsvar med plan- og bygningslov (pbl), jf. særleg § 20-1 bokstav m og § 26-1, matrikkellova §§ 33 og 34, føresegner utarbeidd på grunnlag av desse.

Godkjenninga vert gjort på følgjande vilkår:

1. Frådelinga skal vere i samsvar med søknaden, datert 22.12.2025 og kart, datert 22.12.2025.

Oppmålingsforretning skal gjennomførast i samsvar med matrikkellova.

Dersom vilkåra for deling ikkje er stetta innan 3 år etter at dette delingsløyvet er gjeve og oppmålingsforretninga ikkje er gjort fell godkjenninga bort, jf. § 21-9 i pbl.

Behandling:

Eldar Øye, kommunalsjef TEL, orienterte kort og svara på spørsmål i saka.

Voting nr 1 - Voting over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 9 stemmer (100%) - Ap 1, FRP 3, H 1, SP 2, SV 1, UAVH 1

Mot: 0 stemmer (0%)

Kommunedirektøren si tilråding:

Samfunnsutvalet gjev dispensasjon frå kommunedelplanen for Ørsta sentrum og Hovdebygda for frådeling av areal frå Gnr/Bnr 48/1 som vist på vedlagde situasjonsplan. Tiltaket ligg under marin grense og er eit K0-tiltak etter kvikkleirerettleiaren (1/2019). Etter ei samla vurdering finn samfunnsutvalet at frådelinga ikkje set omsyna bak plan- og bygningslova § 1-8, eller kommuneplanen sin arealdel, vesentleg til side. Dette fordi dispensasjonen ikkje vil endre eksisterande bruk og omfattar ikkje dyrkbart areal.

Dispensasjonen vil åpne for salg av grunn til kjøpar som kan detaljregulere område jamfør kravet i kommunedelplanen. Fordelane ved å gje dispensasjon vert vurderte som klart større enn ulempene.

A. Søknaden om deling av grunneigedom vert godkjent i samsvar med plan- og bygningslov (pbl), jf. særleg § 20-1 bokstav m og § 26-1, matrikkellova §§ 33 og 34, føresegner utarbeidd på grunnlag av desse.

Godkjenninga vert gjort på følgjande vilkår:

1. Frådelinga skal vere i samsvar med søknaden, datert 22.12.2025 og kart, datert 22.12.2025.

Oppmålingsforretning skal gjennomførast i samsvar med matrikkellova.

Dersom vilkåra for deling ikkje er stetta innan 3 år etter at dette delingsløyvet er gjeve og oppmålingsforretninga ikkje er gjort fell godkjenninga bort, jf. § 21-9 i pbl.

PS 17/26 RTK0501 - Endring av reguleringsplan etter forenklet prosess - gbnr 53/193, 53/223, 53/278 og 53/279

Vedtak:

Samfunnsutvalet har gjort ei vurdering av søknaden etter Pbl § 12-14 og finn at endringane er innanfor rammene for ei mindre planendring.

Samfunnsutvalet vedtek med heimel i PBL §12-14 mindre planendring for detaljregulering «RTK-0501 - Flyplassområdet med deler av Hovdebygda» slik søknaden ligg føre.

Grunngjevinga for vedtaket er:

Den omsøkte endringa vil legge til rette for etablering av ny bruk i allereie etablert bygningsmasse. Ny bruk er i tråd med framtidig bruk stadfesta i tilgrensande plan 2011006, Områdeplan for Hovden næringsområde, der det i det vesentlegaste er planlagd for utstrakt bruk av kombinerte føremål. Samfunnsutvalet vurderer at søknaden er i tråd med nyare prioriteringar og målsettingar for området

Behandling:

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 9 stemmer (100%) - Ap 1, FRP 3, H 1, SP 2, SV 1, UAVH 1

Mot: 0 stemmer (0%)

Kommunedirektøren si tilråding:

Samfunnsutvalet har gjort ei vurdering av søknaden etter Pbl § 12-14 og finn at endringane er innanfor rammene for ei mindre planendring.

Samfunnsutvalet vedtek med heimel i PBL §12-14 mindre planendring for detaljregulering «RTK-0501 - Flyplassområdet med deler av Hovdebygda» slik søknaden ligg føre.

Grunngjevinga for vedtaket er:

Den omsøkte endringa vil legge til rette for etablering av ny bruk i allereie etablert bygningsmasse. Ny bruk er i tråd med framtidig bruk stadfesta i tilgrensande plan 2011006, Områdeplan for Hovden næringsområde, der det i det vesentlegaste er planlagd for utstrakt bruk av kombinerte føremål. Samfunnsutvalet vurderer at søknaden er i tråd med nyare prioriteringar og målsettingar for området

PS 18/26 Endring etter forenkla prosess Detaljreguleringsplan for næringsområde Ose ved Melsvegen - 2011001

Vedtak:

Samfunnsutvalet har gjort ei vurdering av søknaden etter Pbl § 12-14 og finn at endringane er innanfor rammene for ei mindre planendring.

Samfunnsutvalet vedtek med heimel i PBL §12-14 mindre planendring for detaljregulering «Detaljreguleringsplan for næringsområde Ose ved Melsvegen, planid - 2011001» slik søknaden ligg føre.

Samfunnsutvalet har etter ei helskapleg vurdering konkludert at den omsøkte plasseringa for ny pumpestasjon på Ose er det beste alternativet. Samfunnsutvalet ser at det er uheldig å omdisponere areal avsett til leik men har vurdert at gjenståande areal er tilstrekkeleg, samt avbøtande tiltak, vil medføre at gjenståande areal vil kunne oppfylle sin funksjon som nærleikeplass.

Behandling:

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 9 stemmer (100%) - Ap 1, FRP 3, H 1, SP 2, SV 1, UAVH 1

Mot: 0 stemmer (0%)

Kommunedirektøren si tilråding:

Samfunnsutvalet har gjort ei vurdering av søknaden etter Pbl § 12-14 og finn at endringane er innanfor rammene for ei mindre planendring.

Samfunnsutvalet vedtek med heimel i PBL §12-14 mindre planendring for detaljregulering «Detaljreguleringsplan for næringsområde Ose ved Melsvegen, planid - 2011001» slik søknaden ligg føre.

Samfunnsutvalet har etter ei helskapleg vurdering konkludert at den omsøkte plasseringa for ny pumpestasjon på Ose er det beste alternativet. Samfunnsutvalet ser at det er uheldig å omdisponere areal avsett til leik men har vurdert at gjenståande areal er tilstrekkeleg, samt avbøtande tiltak, vil medføre at gjenståande areal vil kunne oppfylle sin funksjon som nærleikeplass.

PS 19/26 Dispensasjon - Kommuneplanen sin areadel - Legene 34 - Gnr 33 bnr 18

Vedtak:

Samfunnsutvalet (SFU) syner til motteken søknad om dispensasjon frå arealføremål LNF C for frådeling av eksisterande hus og burksbygning på Gnr. 33 bnr. 18.

SFU finn at det omsøkte arealet på 1.2 daa jamfør vedtaket i Landburksutvalet, sikrar at landbruksinteressene i området og at omsynet til jordvern er ivareteke. SFU ser at eksisterande bygning vil kunne brukast til bustadføremål, og at ein dispensasjon ikkje vil sette plangrunnlaget vesentleg til side og ikkje vil kome i konflikt med regionale eller nasjonale jordverninteresser.

Etter ei samla vurdering finn SFU vidare at fordelane er større enn ulempene. med heimel i Plan- og bygningslova §19-2 gjev SFU dispensasjon frå arealføremål LNF sone C i kommuneplanen sin arealdel for oppføring av ny eigedom på Gnr.33 bnr. 18 i samsvar med oppdatert søknad og vedtaket til Landbruksutvalet.

A. Søknaden om deling av grunneigedom vert godkjent i samsvar med plan- og bygningslova

(pbl), jf. § 20-1 bokstav m og § 26-1, matrikkellova §§ 33 og 34, føresegner utarbeidd på grunnlag av desse. Godkjenninga vert gjort på følgjande vilkår:

1. Frådeling skal vere i samsvar med søknaden, datert 13.11.2025 og kart, datert 09.02.2026.
2. Den frådelte tomte skal ha vegrett.
3. Dersom bygningen skal brukast til bustadføremål skal den koplast til kommunen sitt VA-anlegg.
4. Oppmålingsforretning skal gjennomførast i samsvar med matrikkellova.

Behandling:

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 9 stemmer (100%) - Ap 1, FRP 3, H 1, SP 2, SV 1, UAVH 1

Mot: 0 stemmer (0%)

Kommunedirektøren si tilråding:

Samfunnsutvalet (SFU) syner til motteken søknad om dispensasjon frå arealføremål LNF C for frådeling av eksisterande hus og burksbygning på Gnr. 33 bnr. 18.

SFU finn at det omsøkte arealet på 1.2 daa jamfør vedtaket i Landburksutvalet, sikrar at landbruksinteressene i området og at omsynet til jordvern er ivareteke. SFU ser at eksisterande bygning vil kunne brukast til bustadføremål, og at ein dispensasjon ikkje vil sette plangrunnlaget vesentleg til side og ikkje vil kome i konflikt med regionale eller nasjonale jordverninteresser.

Etter ei samla vurdering finn SFU vidare at fordelane er større enn ulempene. med heimel i Plan- og bygningslova §19-2 gjev SFU dispensasjon frå arealføremål LNF sone C i kommuneplanen sin arealdel for oppføring av ny eigedom på Gnr.33 bnr. 18 i samsvar med oppdatert søknad og vedtaket til Landbruksutvalet.

A. Søknaden om deling av grunneigedom vert godkjent i samsvar med plan- og bygningslova (pbl), jf. § 20-1 bokstav m og § 26-1, matrikkelova §§ 33 og 34, føresegner utarbeidd på grunnlag av desse. Godkjenninga vert gjort på følgjande vilkår:

1. Frådelinga skal vere i samsvar med søknaden, datert 13.11.2025 og kart, datert 09.02.2026.
2. Den frådelte tomte skal ha vegrett.
3. Dersom bygningen skal brukast til bustadføremaal skal den koplast til kommunen sitt VA-anlegg.
4. Oppmålingsforretning skal gjennomførast i samsvar med matrikkelova.

PS 20/26 Saksframlegg - Dispensasjon Bakkane 42 - Gnr 96 bnr 53

Vedtak:

Samfunnsutvalet gjev dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel for frådeling av areal frå Gnr/Bnr 96/5 som tilleggsareal for 96/53 som vist på vedlagde situasjonsplan.

Tiltaket ligg under marin grense og er eit K0-tiltak etter kvikkleirerettleiaren (1/2019). Etter ei samla vurdering finn samfunnsutvalet at frådelinga ikkje set omsyna bak plan- og bygningslova § 1-8, eller kommuneplanen sin arealdel, vesentleg til side.

Dette fordi dispensasjonen ikkje vil endre eksisterande bruk og omfattar ikkje dyrkbart areal. Dispensasjonen vil medføre at eigar av 96/53 får moglegheit til å etablere garasje på eigen tomt, dersom reel fare vert utgreidd. Dispensasjonen vil også ordne at tilkomstvegen er del av tomt. Fordelane ved å gje dispensasjon vert vurderte som klart større enn ulempene.

Vilkår: Framtidige tiltak blir plasserte utanfor kjente fare- eller aktsemdsområde. Alternativt skal reell fare utgreiast for byggverk og tilhøyrande uteareal ved søknad om nye tiltak innanfor aktsemdsområdet.

A. Søknaden om deling av grunneigedom vert godkjent i samsvar med plan- og bygningslov (pbl), jf. særleg § 20-1 bokstav m og § 26-1, matrikkelova §§ 33 og 34, føresegner utarbeidd på grunnlag av desse. Godkjenninga vert gjort på følgjande vilkår:

1. Frådelinga skal vere i samsvar med søknaden, datert 18.11.2025 og kart, datert 18.11.2025.
2. Den frådelte parsellen skal vere tilleggsareal til gnr. 96, bnr. 53. Det må derfor leverast inn skjema for samanslåing seinast ein månad etter oppretting av nytt bruksnummer.
3. Oppmålingsforretning skal gjennomførast i samsvar med matrikkelova.

Dersom vilkåra for deling ikkje er stetta innan 3 år etter at dette delingsløyvet er gjeve og oppmålingsforretninga ikkje er gjort fell godkjenninga bort, jf. § 21-9 i pbl.

Behandling:

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 9 stemmer (100%) - Ap 1, FRP 3, H 1, SP 2, SV 1, UAVH 1

Mot: 0 stemmer (0%)

Kommunedirektøren si tilråding:

Samfunnsutvalet gjev dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel for frådelling av areal frå Gnr/Bnr 96/5 som tilleggsareal for 96/53 som vist på vedlagde situasjonsplan.

Tiltaket ligg under marin grense og er eit K0-tiltak etter kvikkleirerettleiaren (1/2019). Etter ei samla vurdering finn samfunnsutvalet at frådelinga ikkje set omsyna bak plan- og bygningslova § 1-8, eller kommuneplanen sin arealdel, vesentleg til side.

Dette fordi dispensasjonen ikkje vil endre eksisterande bruk og omfattar ikkje dyrkbart areal. Dispensasjonen vil medføre at eigar av 96/53 får moglegheit til å etablere garasje på eigen tomt, dersom reel fare vert utgreidd. Dispensasjonen vil også ordne at tilkomstvegen er del av tomt. Fordelane ved å gje dispensasjon vert vurderte som klart større enn ulempe.

Vilkår: Framtidige tiltak blir plasserte utanfor kjente fare- eller aktsemdsområde. Alternativt skal reell fare utgreiast for byggverk og tilhøyrande uteareal ved søknad om nye tiltak innanfor aktsemdsområdet.

A. Søknaden om deling av grunneigedom vert godkjent i samsvar med plan- og bygningslov (pbl), jf. særleg § 20-1 bokstav m og § 26-1, matrikkellova §§ 33 og 34, føresegner utarbeidd på grunnlag av desse. Godkjenninga vert gjort på følgjande vilkår:

1. Frådelinga skal vere i samsvar med søknaden, datert 18.11.2025 og kart, datert 18.11.2025.
2. Den frådelte parsellen skal vere tilleggsareal til gnr. 96, bnr. 53. Det må derfor leverast inn skjema for samanslåing seinast ein månad etter oppretting av nytt bruksnummer.
3. Oppmålingsforretning skal gjennomførast i samsvar med matrikkellova.

Dersom vilkåra for deling ikkje er stetta innan 3 år etter at dette delingsløyvet er gjeve og oppmålingsforretninga ikkje er gjort fell godkjenninga bort, jf. § 21-9 i pbl.

PS 21/26 Søknad om dispensasjon - Frådelling av bustadhus - Melsvegen 126 - Gnr 46 bnr 10**Vedtak:**

Samfunnsutvalet (SFU) syner til søknaden om dispensasjon frå kommunedelplanen for Ørsta sentrum og Hovdebygda med føremål om å dele frå tomt kring eksisterande bustad på gnr 46 bnr 10 i Melsbygda.

Frådelinga vil ikkje ha noko negativ påverknad for bruket, men det opnar opp for at ein sentrumsnær eigedom etter kvart kan fritt omsetjast og det vert liggande i eit nabolag med fleire sjølvstendige tomter.

Frådelinga vil ikkje medføre endring i den fysiske arealbruken, og den vil ikkje ha nemnande verknader for almenne interesser. SFU konkluderar med at ein dispensasjon ikkje vil setje interessene i lov- og plangrunnlaget vesentleg til side. Det vert vurdert å ha større fordelar enn ulemper ved å gje dispensasjon. SFU gjev dermed dispensasjon for frådelling av tomt kring det eksisterande bustadhuset i samsvar med søknaden, jf. plan- og bygningslova. § 19-2.

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-4, jf § 20-1, vert det gjeve løyve til frådelling av tomt kring bustad. Oppmålingsforretning skal gjennomførast i samsvar med matrikkellova.

Vedtaket om dispensasjon og frådeling gjeld i tre år, og det må gjennomførast oppmålingsforretning innan same frist.

Kommunedirektøren vil likevel legge inn eit vilkår om framtidige tiltak skal plasserast utanfor kjente fare- eller aktsemdområde, ved tiltak innanfor aktsemdområde skal reell fare utgreiast for byggverk og tilhøyrande uteareal i søknaden.

Behandling:

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 9 stemmer (100%) - Ap 1, FRP 3, H 1, SP 2, SV 1, UAVH 1

Mot: 0 stemmer (0%)

Kommunedirektøren si tilråding:

Samfunnsutvalet (SFU) syner til søknaden om dispensasjon frå kommunedelplanen for Ørsta sentrum og Hovdebygda med føremål om å dele frå tomt kring eksisterande bustad på gnr 46 bnr 10 i Melsbygda.

Frådelinga vil ikkje ha noko negativ påverknad for bruket, men det opnar opp for at ein sentrumsnær eigedom etter kvart kan fritt omsetjast og det vert liggande i eit nabolag med fleire sjølvstendige tomter.

Frådelinga vil ikkje medføre endring i den fysiske arealbruken, og den vil ikkje ha nemnande verknader for almenne interesser. SFU konkluderar med at ein dispensasjon ikkje vil setje interessene i lov- og plangrunnlaget vesentleg til side. Det vert vurdert å ha større fordelar enn ulemper ved å gje dispensasjon. SFU gjev dermed dispensasjon for frådeling av tomt kring det eksisterande bustadhuset i samsvar med søknaden, jf. plan- og bygningslova. § 19-2.

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-4, jf § 20-1, vert det gjeve løyve til frådeling av tomt kring bustad. Oppmålingsforretning skal gjennomførast i samsvar med matrikkellova. Vedtaket om dispensasjon og frådeling gjeld i tre år, og det må gjennomførast oppmålingsforretning innan same frist.

Kommunedirektøren vil likevel legge inn eit vilkår om framtidige tiltak skal plasserast utanfor kjente fare- eller aktsemdområde, ved tiltak innanfor aktsemdområde skal reell fare utgreiast for byggverk og tilhøyrande uteareal i søknaden.

PS 22/26 Søknad om dispensasjon frå arealplan naust på gnr/bnr 39/7

Vedtak:

Samfunnsutvalet (SFU) gir med heimel i plan og bygningslova kapittel 19 dispensasjon frå LNF-føremål og vernesone langs vassdrag i kommuneplanen sin arealdel for riving av eksisterande og bygging av nytt naust, på eigedommen gnr 39 bnr 7.

Det vert lagt vekt på at forholda på staden og at naustet skal erstatte 2 eksisterande naust som skal rivast. På dette grunnlaget vert ikkje føremålet med arealdelen sett vesentleg tilside. Ved å fjerne to naust og å erstatte det med eit nytt med ei betra plassering vil vere hensiktsmessig. Naust har vore der frå gamalt av og høyrer til gardsbruket. Ein kan ikkje sjå at riving av to og erstatning med eit nytt naust vil påverke omgjevnadane i stor grad og tiltaket vil i seg sjølv ikkje ha negative konsekvensar i høve naturmangfaldet, vassmiljøet eller omsynet til nasjonalt viktig laksevassdrag. Fordelane vert vurdert som større enn ulempene.

Storleiken på naustet må reduserast noko (frå omsøkt) til maksimalt 25 kvm grunnflate og 3,5 meters breidde. Mønehøgde maks 3 meter frå terreng. Elles tilpassing til tradisjonell byggeskikk i fargar og materialval.

Det er vert sett som vilkår at dei 2 eksisterande nausta vert rivne innan 3 år og at strandsona i framkant av naustet vert halden fri for inngrep som kan gje hindringar for fri ferdsel. Eventuell fjerning av kantvegetasjon må avklarast med Statsforvaltaren.

Behandling:

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 9 stemmer (100%) - Ap 1, FRP 3, H 1, SP 2, SV 1, UAVH 1

Mot: 0 stemmer (0%)

Kommunedirektøren si tilråding:

Samfunnsutvalet (SFU) gir med heimel i plan og bygningslova kapittel 19 dispensasjon frå LNF-føremål og vernesone langs vassdrag i kommuneplanen sin arealdel for riving av eksisterande og bygging av nytt naust, på eigedommen gnr 39 bnr 7.

Det vert lagt vekt på at forholda på staden og at naustet skal erstatte 2 eksisterande naust som skal rivast. På dette grunnlaget vert ikkje føremålet med arealdelen sett vesentleg tilside. Ved å fjerne to naust og å erstatte det med eit nytt med ei betra plassering vil vere hensiktsmessig. Naust har vore der frå gamalt av og høyrer til gardsbruket. Ein kan ikkje sjå at riving av to og erstatning med eit nytt naust vil påverke omgjevnadane i stor grad og tiltaket vil i seg sjølv ikkje ha negative konsekvensar i høve naturmangfaldet, vassmiljøet eller omsynet til nasjonalt viktig laksevassdrag. Fordelane vert vurdert som større enn ulempene.

Storleiken på naustet må reduserast noko (frå omsøkt) til maksimalt 25 kvm grunnflate og 3,5 meters breidde. Mønehøgde maks 3 meter frå terreng. Elles tilpassing til tradisjonell byggeskikk i fargar og materialval.

Det er vert sett som vilkår at dei 2 eksisterande nausta vert rivne innan 3 år og at strandsona i framkant av naustet vert halden fri for inngrep som kan gje hindringar for fri ferdsel. Eventuell fjerning av kantvegetasjon må avklarast med Statsforvaltaren.

PS 23/26 Dispensasjonssøknad - Mellombels bustadbrakker - Norangdal 53 - Gnr 125 bnr 33

Vedtak:

Samfunnsutvalet finn etter ei heilskapleg vurdering at ein mellombels dispensasjon med føremål å plassere bustadbrakker på gnr 125 bnr 3 ikkje vil medføre at omsyna bak føresegn, planid eller nasjonale og regionale omsyn vert vesentleg sett til side.

Samfunnsutvalet finn samstundes at fordelane knytt til å innvilge dispensasjon er klart større enn ulempe.

Begge vilkåra for å gi dispensasjon etter PBL 19-2 er oppfylt og dispensasjon kan då innvilgast.

Mellombels dispensasjon vert innvilga for 2 år (27.02.2026-27.02.2028) på fylgjande vilkår.

Nytta areal skal ved utløp av dispensasjon so snart som råd og utan ugrunna opphald tilbakeførast til opphavsleg tilstand (overflatedyrka jord)

Samfunnsutvalet innvilger søknaden om dispensasjon med fylgjande grunngjeving:

Hotel Union er den største arbeidsgjevaren på Øye og er då særskild viktig for næringsgrunnlaget i bygda. Både fastbuande og tilreisande har arbeidsplassar her. Det er då ei utfordring å kunne tilby bustadar til dei tilreisande og pendlande.

Det er sett igong arbeid med ein reguleringsplan som skal syte for ei langsiktig løysing på denne problematikken. Reguleringsarbeid tek tid og behovet for bustadar er no prekärt.

Samfunnsutvalet vurderer at ei mellombels løysing med bustadbrakker og påfylgjande tilbakeføring av nytta areal til overflatedyrka er ei løysing som innber ei overvekt av fordelar og begrensa ulemper.

Behandling:

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 9 stemmer (100%) - Ap 1, FRP 3, H 1, SP 2, SV 1, UAVH 1

Mot: 0 stemmer (0%)

Kommunedirektøren si tilråding:

Samfunnsutvalet finn etter ei heilskapleg vurdering at ein mellombels dispensasjon med føremål å plassere bustadbrakker på gnr 125 bnr 3 ikkje vil medføre at omsyna bak føresegn, planid eller nasjonale og regionale omsyn vert vesentleg sett til side.

Samfunnsutvalet finn samstundes at fordelane knytt til å innvilge dispensasjon er klart større enn ulempe.

Begge vilkåra for å gi dispensasjon etter PBL 19-2 er oppfylt og dispensasjon kan då innvilgast.

Mellombels dispensasjon vert innvilga for 2 år (27.02.2026-27.02.2028) på fylgjande vilkår.

Nytta areal skal ved utløp av dispensasjon so snart som råd og utan ugrunna opphald tilbakeførast til opphavelig tilstand (overflatedyrka jord)

Samfunnsutvalet innvilger søknaden om dispensasjon med fylgjande grunngjeving:

Hotel Union er den største arbeidsgjevaren på Øye og er då særst viktig for næringsgrunnlaget i bygda. Både fastbuande og tilreisande har arbeidsplassar her. Det er då ei utfordring å kunne tilby bustadar til dei tilreisande og pendlande.

Det er sett igong arbeid med ein reguleringsplan som skal syte for ei langsiktig løysing på denne problematikken. Reguleringsarbeid tek tid og behovet for bustadar er no prekært.

Samfunnsutvalet vurderer at ei mellombels løysing med bustadbrakker og påfylgjande tilbakeføring av nytta areal til overflatedyrka er ei løysing som innber ei overvekt av fordelar og begrensa ulemper.

PS 24/26 Høyring av planprogram - Hovudplan for vatn, avløp og overvatn for Ørsta kommune

Vedtak:

Samfunnsutvalet ser positivt på framlagd planprogram, og tek dette til vitande

Behandling:

Fellesframlegg , foreslått av Anne Stine Foldal Aam, Senterpartiet

Samfunnsutvalet ser positivt på framlagd planprogram, og tek dette til vitande

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Fellesframlegg**

Anne Stine Foldal Aam (SP), Andre parti: Ap, FRP, H, SP, SV, UAVH

For: 9 stemmer (100%) - Ap 1, FRP 3, H 1, SP 2, SV 1, UAVH 1

Mot: 0 stemmer (0%)

Kommunedirektøren si tilråding:

<skriv her>